



## Møteprotokoll

**Møtedato:** 19. Februar 2021

**Møtetid:** Kl. 13:00 – 15:45.

**Møtestad:** Rådhuset Nordfjordeid.

**Saksnr.:** 01/21 - 16/21

---

### **Følgjande medlemmar møtte**

Håkon Sjøstad (Leiar)  
Magne Fure (Medlem)  
Jessica Haaland (Medlem)  
Malene Friberg (Medlem)

---

### **Følgjande medlemmar møtte ikkje**

Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)

---

### **Følgjande varamedlemmar møtte**

Dagfinn Olav Kvamme

---

### **Følgjande frå administrasjonen og politisk hald møtte**

Ole Starheim, Økonomileiar. I sakene 11, 12, 13 og 14.  
Harald Sivertsen, Kommunalsjef for oppvekst og opplæring. I sak 6.  
Kristine Dahl, Kommunalsjef for kultur og samfunn. I sak 7.  
Alfred Bjørlo, Ordførar. I sak 7.

---

### **Merknad til innkallinga**

---

### **Følgjande frå Vest Kontroll møtte**

Jostein Støylen Dagleg leiar

---

### **Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møtte**

Stig Årdal, Forvaltningsrevisor. I sak 15.

## **Følgjande saker vart handsama**

- SAK 01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/21 MELDINGAR
- SAK 04/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021
- SAK 06/21 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – OPPVEKST OG OPPLÆRING
- SAK 07/21 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – KULTUR OG SAMFUNN
- SAK 08/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 09/21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 10/21 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 11/21 BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – PÅBYGG OG PARKERINGSPLASS LEIKVANG BARNEHAGE
- SAK 12/21 BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – EPC TILTAKSPLAN
- SAK 13/21 BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – UMLEIGE BUSTADAR STADLANDET OG FLATRAKET
- SAK 14/21 BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – BUSTADFELT TORVIK INKL. VEGKRYSS FV 661
- SAK 15/21 PROSJEKTPLAN FOR VALTNINGS PROSJEKTET – RUTNAR FOR ANBOD OG INNKJØP
- SAK 16/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Saksbehandlingsrekkefølge vart slik:

1 – 2 – 6 – 3 – 4 – 5 – 8 – 9 – 10 – 11 – 12 – 13 – 14 – 15 – 7 – 16.

**Utskrift møteprotokoll:** Kommunestyret som melding til neste møte, ordførar og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

**Signatur:**

\_\_\_\_\_

Håkon Sjøstad

\_\_\_\_\_

Magne Fure

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/21	033	18.01.2021	19.02.2021	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vert å behandle i rekkefølge slik det passar for dei som skal møte i ulike saker.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Magne Fure.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/21	049	18.01.2021	19.02.2021	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.11.2020.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 20.11.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/21	033&17	12.02.2021	19.02.2021	KS

## **MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### **Vedlegg**

1. Dokument, av 20.01.2021. Plan for eigarskapskontroll 2021-2024.
2. Dokument, av 15.01.2021. Vurdering av uavhengigheit Stad kommune 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	033&58	07.01.2021	19.02.2021	KS

## **GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

## Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	03.09	<b>26.11</b>	
Eigedomsskatt – Klagenemnd:			
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:	04.05	<b>17.11</b>	<b>18.11</b>
Finansutvalet:	12.11	<b>26.11</b>	
Nordfjordrådet:	21.09	<b>16.11</b>	
Stad eigedomsutvikling KF:	05.11		
Stad eldreråd:	19.10	<b>23.11</b>	
Stad Fjordvarme KF:	05.11		
Stad formannskap:	12.11	<b>26.11</b>	
Stad kommunestyre:	29.10	<b>10.12</b>	
Stad kontrollutval:			
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	19.10	<b>23.11</b>	
Stad ungdomsråd:	19.10	<b>23.11</b>	
Utval for areal og eigedom:	20.10	<b>24.11</b>	
Utval for helse og omsorg:	21.10	<b>25.11</b>	
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	20.10	<b>24.11</b>	
Utval for oppvekst og opplæring:	21.10	<b>25.11</b>	

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033&58	18.01.2021	19.02.2021	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

## Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	
Eigedomsskatt – Klagenemnd:	
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:	
Finansutvalet:	
Nordfjordrådet:	<b>27.01</b>

Stad eigeidomsutvikling KF:		
Stad eldreråd:	25.01	
Stad Fjordvarme KF:		
Stad formannskap:	28.01	
Stad kommunestyre:	04.02	
Stad kontrollutval:		
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	25.01	
Stad ungdomsråd:	25.01	
Utval for areal og eigedom:	26.01	
Utval for helse og omsorg:	27.01	
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	12.01	26.01
Utval for oppvekst og opplæring:	27.01	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/21	030&18	18.01.2021	19.02.2021	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – OPPVEKST OG OPPLÆRING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for oppvekst og opplæring til vitende.

### I møtet

Kommunalsjef for oppvekst og opplæring Harald Sivertsen orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet bl.a. ved PowerPoint (vert lagt på heimesida) , samt svare på spørsmål.

### Saksopplysning

Kommunalsjef for oppvekst og opplæring Harald Sivertsen er kalla inn for å orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for oppvekst og opplæring.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	030&18	18.01.2021	19.02.2021	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – KULTUR OG SAMFUNN

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for kultur og samfunn til vitende.

### I møtet

Kommunalsjef for kultur og samfunn Kristine Dahl orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet bl.a. ved PowerPoint (vert lagt på heimesida), samt svare på spørsmål.

### Saksopplysning

Kommunalsjef for kultur og samfunn Kristine Dahl er kalla inn for å orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmene bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for kultur og samfunn.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	033	10.02.2021	19.02.2021	KS/JS

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020

### Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2020 til vitende.

### Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	033	10.02.2021	19.02.2021	KS/JS

## ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

### Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsplan for 2021 til vitende.

### Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagte årsplan for kontrollutvalet 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	18.01.2021	19.02.2021	KS

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen i samsvar med framlegget.

### Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

### Saksopplysningar

I 2021 er det i tillegg til 19. februar sett opp møte 21. april, 3. juni, 30. september, 11. november og 9. desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/21	212	10.02.2021	19.02.2021	JSa

## BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – PÅBYGG OG PARKERINGSPLASS LEIKVANG BARNEHAGE

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 08.02.2021, vedkommande byggerekneskap/sluttrapport for påbygg og parkeringsplass Leikvang Barnehage, investeringsprosjekt 4505.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Leikvang Barnehage - med ein total byggekostand på kr 9 742 032 eks. mva kan godkjennast.

### Vedlegg

Sluttrapport, rekneskap og revisjonsrapport

- Saksframlegg frå økonomisjefen for investeringsprosjekta 4505, 4507, 4509, 4900 datert 9.2.2021
- Sluttrapport med byggerekneskap for Leikvang Barnehage datert 8.2.2021
- Uttale frå revisjonen datert 8.2.2021

### Saksopplysning

- Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.
- Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 9 742 032 eks. mva.
- Det står igjen kr 1 257 968 i ubrukte midlar på budsjettet for prosjektet.
- Prosjektet er finansiert i samsvar med kommunestyrevedtaka:
  - 090/17
  - 104/18
  - 19/067
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon.

Ein viser til økonomisjefen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar. Han vil også kunne svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	212	10.02.2021	19.02.2021	JSa

## BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – EPC-TILTAKSPLAN

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 08.02.2021, vedkommande byggerekneskap/sluttrapport for EPC-tiltaksplan, investeringsprosjekt 4507.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for EPC-tiltaksplan - med ein total byggekostand på kr 14 401 573 ekskl. mva kan godkjennast.

### Vedlegg

Sluttrapport, rekneskap og revisjonsrapport

- Saksframlegg frå økonomisjefen for investeringsprosjekta 4505, 4507, 4509, 4900 datert 9.2.2021
- Sluttrapport med byggerekneskap for EDC tiltaksplan datert 8.2.2021
- Uttale frå revisjonen datert 8.2.2021

### Saksopplysning

- Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.
- Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 14 401 573 ekskl. mva.
- Overskriddinga kr 1 001 573 er finansiert med lån.
- Prosjektet er finansiert i samsvar med kommunestyrevedtaka:
  - 136/16
  - 159/18
  - 19/067
  - 20/134
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon.

Ein viser til økonomisjefen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar. Han vil også kunne svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/21	212	10.02.2021	19.02.2021	JSa

## BYGGEREKNESEKAP/SLUTTREKNESEKAP – UTLEIGEBUSTADAR STADLANDET OG FLATRAKET

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 08.02.2021, vedkommande byggerekneskap/sluttrapport for utleigebustadar på Stadlandet og Flatraket, investeringsprosjekt 4509.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for utleigebustadar på Stadlandet og Flatraket - med ein total byggekostand på kr 11 199 582 ekskl. mva kan godkjennast.

### Vedlegg

Sluttrapport, rekneskap og revisjonsrapport

- Saksframlegg frå økonomisjefen for investeringsprosjekta 4505, 4507, 4509, 4900 datert 9.2.2021
- Sluttrapport med byggerekneskap for utleigebustadar Stadlandet og Flatraket datert 8.2.2021
- Uttale frå revisjonen datert 8.2.2021

### Saksopplysning

- Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.
- Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 11 199 582 ekskl. mva.
- Mindreforbruket kr 2 800 418 inngår som finansiering av seinare prosjekt.



- Prosjektet er finansiert i samsvar med kommunestyrevedtaka:
  - 090/17
  - 104/18
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon.

Ein viser til økonomisjefen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar. Han vil også kunne svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	212	10.02.2021	19.02.2021	JSa

## **BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – BUSTADFELT TORVIK INKL VEGKRYSS FV661**

### **Samrøystes uttale**

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 08.02.2021, vedkommande byggerekneskap/sluttrapport for bustadfelt Torvik inkl vegkryss FV661, investeringsprosjekt 4900.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapan for bustadfelt Torvik inkl vegkryss FV 661 - med ein total byggekostand på kr 19 389 460 ekskl. mva kan godkjennast.

### **Vedlegg**

Sluttrapport, rekneskap og revisjonsrapport

- Saksframlegg frå økonomisjefen for investeringsprosjekta 4505, 4507, 4509, 4900 datert 9.2.2021
- Sluttrapport med byggerekneskap for bustadfelt Torvik inkl vegkryss FV 661 datert 9.2.2021
- Uttale frå revisjonen datert 8.2.2021

### **Saksopplysning**

- Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapan vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.
- Rekneskapan viser ein totalkostnad på kr 19 389 460 ekskl. mva.
- Mindreforbruket kr 140 540 inngår som finansiering av seinare prosjekt.
- Prosjektet er finansiert i samsvar med kommunestyrevedtaka:
  - 140/13
  - 142/13
  - 143/14
  - 181/15
  - 174/16
  - 159/18
  - 20/099
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon.

Ein viser til økonomisjefen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar. Han vil også kunne svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/21	217	12.02.2021	19.02.2021	JS

## PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSPROSJEKTET – RUTNAR FOR ANBOD OG INNKJØP

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Vestland revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Rutinar for anbod og innkjøp, med levering snarast mogleg og seinast innan 01.07.2021.

### Vedlegg

Prosjektplan for Rutinar for anbod og innkjøp, utarbeida av Vestland revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap. Datert 20.01.2021.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet fekk i kommunestyresak 152/20 Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap, fullmakt til vedtak prioritetsrekkefølge for utføring av ulike prosjekt. Ut frå diskusjonar i utvalet bør første prosjektet vere Rutinar for anbod og innkjøp.

Kontrollutvalet har i sak 54/20 bestilt prosjektplan frå Vestland Revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap Revisjon, som no ligg føre, jf. Vedlegg.

Kontrollutvalet må i møtet drøfte om dei ynskjer justering i prosjektplanen.

Kommunestyresak 105/20 finn ein som vedlegg 1 i sak 61/20.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/21	033	10.02.2021	19.02.2021	JS

## SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Ingen saker kom opp.

**Møtet slutt.**

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**  
**Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**